

# Kalla fram kystminne frå



**VANSKELEG Å VELJA:** – Dette biletet likar eg veldig godt, for det har mennesket i fokus, samstundes som dei kunstnariske linjene i biletet kjem fram, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen, vikarierende leiar for utvandringssenteret. Ho synest likevel det vert for vanskeleg å velja eitt favorittbilete.



**ENGASJERT:** Bjørn Fjellheim fortel engasjert om bakgrunnen til fleire av bileta til Robert A. Robinson. Her handlar det om vintersildfiske.



**RADØY:** Dei som møtte opp på utvandringssenteret søndag, fekk eit innblikk i kvardagen til nordmenn under etterkrigstida, gjennom linsa til amerikanske Robert A. Robinson.

Av Maria Skarsvåg Furnes

– Eg gjenopplever mykje av min eigen barndom når eg ser på desse bileta, sidan eg sjølv var barn på 50-talet, seier Bjørn Fjellheim, førstekonservator ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane.

Utstillinga «Gripen av havfolket», som er utvandringssenteret sitt bidrag til Kystsogeveken, har for det meste bilete frå typisk norsk kystkultur på 50-talet, men born er òg eit stort tema.

Vikarierende avdelingsleiar for utvandringssenteret, Åshild Sunde Feyling Thorsen, ønskte stolt velkommen til opninga. Ho har gleda seg mykje til denne dagen.

**VAKRE HAVTONAR:** Musikar Gabriel Fliflet spelte flott musikk på opninga, og fekk alle med på allsong heilt til slutt.

Det er fotografia til Robert A. Robinson som har fått plass i dei vesle husa som høyrer til Vestnorsk utvandringssenter. Der skal fotoa stå til utgangen av september, og kvar søndag vert det mogeleg å ta turen innom utstillinga.

#### Vekkjer minna til live

Ved opninga heldt Bjørn Fjellheim eit føredrag om Robert A. Robinson og fotografia hans. Han seier sjølv at han ikkje er nokon kunsthistorikar, men at han likevel skal prøva å plasera verka til Robinson i ein kunsthistorisk samanheng. Dette klarar han fint, i lag med bakgrunnsstoff og mange interessante kommentarar til fotografia.

– Robinson kom til Noreg i 1952 med intensjon om å vera på ein kort ferie. Det var tydeleg at han treivst i Noreg, for i staden vart det til at 24-åringen ikkje forlet landet før 15 år seinare, opplyste Fjellheim.

Han fortalde vidare at Robinson aldri var fast tilsett nokon plass i Noreg, men jobba som frilansfotograf alle åra. Bileta hans vart brukt i aviser som BT og Dagbladet, i reklame og til dømes i biletmagasina Nå og Aktuell.

#### Fanga av norsk kvardag

– Robinson brakte med seg noko nytt med bileta sine, og har vore

ei stor kjelde til inspirasjon for generasjonar med fotografar seinare, seier Fjellheim.

Utover i føredraget kom han med fleire gode døme på denne originaliteten, som har fanga interessa til så mange. Mange av desse bileta er å finna i boka Captured by the Norwegians, som Robinson gav ut etter å ha vore nesten eit tiår i Bergen.

– Robinson ønskte å ta bilete i augneblinken og slik ting faktisk var. Ikkje som eit glansbilete av blonde jenter i blomsterenger og venlege kyr rundt, seier Fjellheim til humrande respons frå tilhøyrarane i Emigrantkyrkja.

Stilen til Robinson er kalla for Street photography. Det er ikkje naudsynt at det må gå føre seg på ei gate, men poenget er å knipsa i augneblinken i det offentlege rom, utan at menneska på biletet legg merke til å verta fotografert.

– Ærlegdomen i biletet er den innte kjernen i Street photography, påpeikar Fjellheim.

Gabriel Fliflet deler vakre trekkspel-tonar med tilhøyrarane, som får folk til å framkalla sine egne bilete av havlivet.

– For å forsikra om at dette vert heilt autentisk havmusikk, kan eg seia at eg har laga det sjølv, med hav i innhaldet, smiler Fliflet før han set i gong med første song. Den er dedikert til kona Sigrid: Svaberg.

# 50-talet



**SMAKEBIT FRÅ ETTERKRIGSTIDA:** Dei som gjekk rundt og beundra bileta, fekk ein smakebit frå kyst-Noreg på 50-talet.



**LEKKER SERVERING:** Folk kunne berre forsyne seg med flott tillaga til fingermat og brus medan dei vandra rundt blant bileta.

## Etterlyser dagens «havfolk»

Etter opningskonserten vart det vandring ned til dei vesle husa på andre sida av veggen, som og er ein del av Vestnorsk utvandringssenter. Her vart det lett servering med mat og drikke, som folk gjerne forsynte seg med før dei vandra langs veggane og såg på fotografia.

Vikarierende avdelingsleiar Thorsen synest noko av det kjekkaste med utstillinga er måten Robinson har fått framstilt tida mellom krigen og det rike oljelandet.

– Som Fjellheim sa, er det mange her som kjenner seg igjen i desse scenarioa bileta fangar. Men det er òg andre generasjonar, som til dømes min, som ikkje har gjennomlevd dette. Då vert framstillinga av denne brytningstida i Noreg heller ei oppdaging av korleis foreldre og besteforeldre kan ha hatt det, seier Thorsen.

I tillegg til å gleda seg over desse eldre bileta, inviterer Thorsen og utvandringssenteret vestlendingane til å skapa nye minne.

– Me har lansert ein konkurranse som går ut på å dela bilete på Instagram som viser kva folk meiner er typisk kystkultur der dei bur no, seier ho.

Ho oppfordrar alle til å vera med, og merka biletet med #havfolk2013. Bileta kjem i eit galleri på nett, og det vert premie til beste bilete.

– Vinnaren vil få ei omvisning på utvandringssenteret, der han eller ho får invitera med seg 15 andre personar, seier Thorsen.

– Kanskje slår det an, kanskje ikkje, men det vert spennande å sjå. Me håpar så mange som mogeleg tek del i konkurransen, smiler ho.

## KAMPANJETILBUD

Kampanjen varer til 22. august 2013

**Impregnerert trelast**  
\* på utvalgte dimensjoner

-30%\*

Norsk Standard. Dette betyr at det er sporbarhet og dokumentert kvalitet på terrassebordene. De er produsert etter norske forskrifter for det norske værharde klimaet. Kvaliteten er jevn og stabil.

**Terrasserens**  
4 liter

99,-

Pr.spenn

**Terrassebeis**  
Alle farger, 2,7 liter

249,-

Pr.spenn

**Fein Multimaster Start**

1490,-

Pr.stk

**Skyvestige**  
7 meter

1190,-

Pr.stk

### BYGGERIET PAKKET OG KLART!

Ønsker du å gjøre handleturen kjapp og effektiv, bestill varene før kl. 12, og de kan hentes ferdig pakket neste dag! Vi låner deg gjerne henger om du ønsker det. Byggeriet, praktisk service i praksis!



Ring oss i dag  
55 18 12 00

Arbeidsrett | Arverett og dødsbo  
Barne- og familierett | Erstatningsrett  
Fast eiendom | Kjøpsrett | Strafferett  
Alminnelig praksis | Eiendomsmegling

## HØGSETH

ADVOKATFIRMA MNA

Åsane: Litleåsveien 41, 5132 Nyborg.  
Knarvik Senter: Inngang 6, Kvernhusaugane 10, Isdalstø.

www.hogseth.net | advokat@hogseth.net

## BYGGERIET



**Byggeriet Kålås & Sønn Byggevarehandel**

Sauvågen, 5915 HJELMÅS - Tlf: 56 35 33 70

[www.byggeriet.no](http://www.byggeriet.no)

Forbehold om utsolgte varer og trykfeil.